

Utdanningspolitisk plattform

1 Høgare utdanning skal følgja gratisprinsippet, og det skal vera lik tilgang for alle på grunnlag
2 av kvalifikasjonar. I løpet av studietida ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal studentane
3 tileigna seg relevant kunnskap innan sitt fagfelt. Alle studentar skal oppleva å bli høyrte av
4 institusjonen og få undervising og oppfølging av høg kvalitet. Institusjonen skal tilretteleggja
5 for at studentane får den kunnskapen, dei ferdigheitene og den kompetansen dei treng
6 som framtidige arbeidstakarar.

7 Høgare utdanning og samfunnet

8 HVL skal vera ein profesjons- og arbeidslivsretta institusjon der
9 utdanningane gjer studentene klare for arbeidslivet. Studentane skal gjennom heile
10 studieløpet få erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som er relevante ved fullført
11 utdanning. Akademia skal vera for alle, og HVL skal i samarbeid med eksterne aktørar, bidra
12 til å skapa eit godt akademisk fellesskap. HVL skal vera ei drivkraft i nasjonalt og
13 internasjonalt samarbeid, for å sikra ei auka satsing på utvikling av høgare utdanning og
14 forskning.

15 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 16 ▶ HVL skal tilby utdanningar som er profesjonsretta og arbeidslivsrelevante, og som
17 held takt med samfunnsutvikling og teknologisk nyvinning.
- 18 ▶ HVL skal gjennom ei alumniordning, sikra fagleg fellesskap og samarbeid med
19 tidlegare studentar.
- 20 ▶ HVL skal ha ein heilskapleg, mangfaldig og konkurransedyktig studieportefølje.
- 21 ▶ Styresmaktene må gje HVL økonomiske rammer som speglar dei reelle og
22 naudsynte kostnadane som utdanningane våre har.
- 23 ▶ HVL skal rekruttera breitt til studieprogramma sine.
- 24 ▶ Opptakssystemet til høgare utdanning må innehalda mangfaldige
25 opptaksmetodar slik at fleire kan søkja seg til dei utdanningane dei ønskjer.
- 26 ▶ Fagbrev og dokumentert praktisk erfaring skal også telja ved opptak til høgare
27 utdanning.

28 Undervising

29 All form for undervising skal både vera pedagogisk og vitskapeleg forankra. Det er forventa at
30 tilsette er fagleg oppdaterte innanfor sitt fagfelt. Dei skal også få tid til å utvikla eigen
31 kompetanse innan ny teknologi og nye undervisingsformer. Det skal vera ein god og open

32 kommunikasjon mellom tilsette og studentar på fysiske så vel som digitale studieprogram på
33 tvers av campusar.

34 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 35 ▶ Undervisninga ved HVL skal vera pedagogisk og vitskapleg forankra.
- 36 ▶ Undervising og seminar skal som hovudregel ikkje vera obligatoriske, men det kan
37 gjerast unntak dersom undervisninga blir vurdert som særleg viktig for
38 yrkesutøving, inkluderer studentaktive læringsformer, og gjev ferdigheiter som
39 ikkje kan tileignast på andre måtar.
- 40 ▶ Emneansvarlege skal ha eit koordineringsansvar mellom dei fagleg tilsette og
41 sikra oversiktleg informasjon til studentane.
- 42 ▶ Det skal vera ein god og open kommunikasjon mellom tilsette og studentar,
43 særleg i samband med digital undervising og travle innleveringsperiodar.
- 44 ▶ Det skal på førehand vera tydeleg for studentane kva for emne som er
45 campusbaserte, samlingsbaserte eller digitale.
- 46 ▶ Alle som skal driva undervising skal ha tilstrekkeleg pedagogisk, didaktisk og
47 teknologisk kompetanse som jamleg skal oppdaterast.
- 48 ▶ Studentane skal gjennom studieløpet oppleve varierte undervisningsformer.
- 49 ▶ Tilsette skal gje undervising av god kvalitet, og med studentaktive læringsformer
50 som er til motivasjon og inspirasjon.
- 51 ▶ HVL skal tilby naudsynt opplæring i korleis studentane kan bruka relevante
52 verktøy, deriblant korleis dei kan bruka KI på ein læringsfremjande og etisk måte.

53 **Vurdering og eksamen**

54 Ei vurdering skal visa studentane sine kunnskapar og ferdigheiter. Emneplanen skal leggjast
55 til grunn for alle vurderingar. HVL skal bruka relevante oppgåver og ulike vurderingsformer.
56 Sensorrettleiinga til eksamen skal leggja vekt på kva studentane skal kunna på dei ulike
57 karakterane. HVL skal leggja til rette for at studentane er informerte om
58 vurderingssituasjonar i god tid og at studentane kjenner sine rettar og plikter knytt til
59 vurdering og eksamen. Studentar skal ha tilgang til fagleg støtte og rådgjeving frå
60 vitskapleg tilsette. Studenter har krav på tilbakemelding og rettleiing når dei gjer eit arbeid
61 som skal vurderast. Tilbakemelding på eige arbeid er ein stor del av læringsprosessen. Ved
62 eksamen skal automatisk grunngeving vera hovudregelen.

63 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 64 ▶ Eksamensdato skal tilgjengeleggjerast innan 15. januar for vårsemesteret og
65 innan 15. august for haustsemesteret.

- 66 ▶ Eksamensstad skal offentleggjerast minst 4 veker før eksamen.
- 67 ▶ Informasjon om eksamensoppbygging, karakterskala, og tidlegare
- 68 eksamensoppgåver med løysingsforslag og sensorretteiing, skal
- 69 tilgjengeleggjerast i god tid før eksamen.
- 70 ▶ Informasjon om kontinuasjonseksamen skal bli publisert før ordinær eksamen.
- 71 ▶ Kontinuasjonseksamen skal finna stad tidlegast mogleg i semesteret, og helst i
- 72 februar/mars og september/oktober.
- 73 ▶ Under eksamen skal fagtilsette vera tilgjengelege for spørsmål.
- 74 ▶ Det ikkje skal vera eksamen 18. mai.
- 75 ▶ Som hovudregel skal karakterskalaen A-F brukast, og ved bruk av bestått/ikkje
- 76 bestått skal karakteren ikkje teljast med i karaktergjennomsnittet.
- 77 ▶ Studentar skal oppleve eit mangfald av vurderingsformer gjennom heile
- 78 studieløpet.
- 79 ▶ Eksamen skal berre ta utgangspunkt i emneplanen, og skal ikkje innehalda
- 80 misvisande spørsmål for å avdekkja mogleg fusk.
- 81 ▶ HVL skal ha tydelege retningslinjer for bruk av hjelpemiddel under eksamen.
- 82 ▶ Kunstig intelligens skal vera tillate som hjelpemiddel under eksamen.
- 83 ▶ Gjenbruk av eige upublisert arbeid, ikkje skal vera fusk.
- 84 ▶ I vurderingstilfeller som er avgjerande for studieprogresjonen skal det leggjast
- 85 opp til fagleg rettleiing.
- 86 ▶ Ved studieprogram kor det blir gjort skikkavurdering, skal det arbeidast særlig
- 87 med å gje tilstrekkeleg informasjon om dette gjennom heile studieløpet.
- 88 ▶ HVL skal praktisera individuell klagerett ved gruppeeksamen.
- 89 ▶ Det skal vera automatisk detaljert grunngjeving ved eksamen, som skal vera til
- 90 nytte for studenten.

91

92 **Praksis**

93 Ved HVL finst det mange studieprogram som har praksis som ein del av studiet. HVL skal

94 vera leiande på praksis. HVL må derfor sikta på å tilby praksis i alle

95 studieprogram, anten som obligatoriske eller valfrie emne. Ved valfrie praksisemne er

96 det HVL sitt ansvar å tilretteleggja for moglege praksisplassar. HVL skal sikra gode

97 praksisavtalar på Vestlandet. I praksis skal studentane få god oppfølging frå HVL og

98 praksisstaden. Praksis skal vera gratis, og styresmaktene må saman med institusjonen sørgja
99 for gode ordningar som gjer at praksis ikkje medfører meirkostnadar for studentane.

100 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 101 ▶ Alle studenter ved HVL skal få tilbod om praksis.
- 102 ▶ Tilsette ved HVL skal ha relevant og oppdatert kunnskap om praksisfeltet.
- 103 ▶ Studenter skal sikrast tid til refleksjon i eigen praksisperiode.
- 104 ▶ Kvalitet i praksis skal sikrast gjennom gode retningslinjer, og ved at studentene
105 får høve til å gjera undervegs- og sluttevaluering av eigen praksis.
- 106 ▶ Praksisplassar skal fordelast og publiserast i god tid, og seinast 6 veker før
107 praksisstart.
- 108 ▶ Når studentar blir sendt i praksis ein annan stad enn studiestaden, skal HVL leggja
109 til rette for at studentane lett får seg ein eigna bustad innanfor høgskulen sine
110 refusjonsordningar for praksisbustad.
- 111 ▶ Studentar ikkje skal måtta leggja ut for kostnadar knytt til bustad i praksis, og HVL
112 skal om naudsynt stilla med depositumsgaranti.
- 113 ▶ Studentar skal få refundert reelle meirkostnadar knytt til praksis.
- 114 ▶ Praksisinstitusjonen skal ikkje nytta praksisstudentar som ordinære tilsette.
- 115 ▶ Emneplanen for praksis skal utelukkande leggjast til grunn for all verksemd i
116 praksis.
- 117 ▶ Praksisstudentar ikkje skal vera utan ein tilgjengeleg fagperson i praksis, og om
118 denne er fråverande skal HVL og praksisstaden sikra at ein kvalifisert vikar.
- 119 ▶ Personen som studenten følgjer i praksis skal vera skikka til dette, gjennom å vera
120 ein erfaren person i sitt fagfelt og ha kompetanse til å rettleia studentar.
- 121 ▶ HVL må gje studentar innføring i rettane og pliktene deira i praksis, og informera
122 studentane om kor dei kan få hjelp.
- 123 ▶ HVL kontinuerleg skal evaluera praksisstadane sine.

124

125 **Arbeidslivrelevans, innovasjon og forskning**

126 Som ein profesjons- og arbeidslivsretta utdanningsinstitusjon er det viktig at HVL har eit stort
127 fokus på arbeidslivrelevans. Studentane skal gjennom studietida få tilstrekkelege
128 kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse som er relevante for dei ved fullført utdanning. HVL
129 skal ha eit stort fokus på å gje studentane arbeidslivrelevans i form av bedriftsbesøk,
130 samarbeid med næringslivet, og tilrettelegging for bachelor- og masterskriving i samarbeid

131 med eit relevant fagfelt. HVL skal ha anerkjente forskingsmiljø, som samarbeider både
132 nasjonalt og internasjonalt. Gjennom utdanning skal studentane få ei klar forståing for
133 koplinga mellom forskning, undervisning og arbeidsliv. HVL skal vera ein utdanningsinstitusjon
134 kor skaparglede og innovasjon er i fokus.

135 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 136 ▶ HVL skal ha eit tett samarbeid med aktuelle aktører som slik at studentane kan
137 besøkje relevante arbeidsplassar som del av undervisninga.
- 138 ▶ HVL skal aktivt invitera inn arbeids- og næringslivet som gjesteførelesarar og til å stå
139 på stand på campus.
- 140 ▶ HVL skal leggja til rette for at studentane kan skriva bachelor- og masteroppgåva i
141 samarbeid med arbeidslivet.
- 142 ▶ HVL skal sikra at alle studentar tidleg i studieløpet blir gjort klar over kva for
143 jobbmoglegheiter dei har ved fullført utdanning.
- 144 ▶ Alle undervisarar ved HVL skal ha relevant og oppdatert kunnskap om praksisfeltet og
145 arbeidslivet.
- 146 ▶ HVL skal ha samarbeid som gjev studentane tilgang til internstillingar,
147 traineestillingar og sommerjobbar.
- 148 ▶ HVL må informera studentane om læringslab på campus, og korleis desse kan brukast
149 i studieløpet.
- 150 ▶ Arbeidslivet sine tilbakemeldingar skal etterspørjast og brukast i evaulering av
151 studieprogramma våre.
- 152 ▶ HVL skal støtta studentdrivne prosjektarbeid gjennom å tilby passande
153 arbeidsområde og oppdatert utstyr og rettleiing, for å inspirera og motivera til
154 studentinnovasjon.
- 155 ▶ Alle studentar skal tidleg i studieløpet få tilbod om innføring i forskning, vitskapleg
156 metode, kjeldebruk og etikk.
- 157 ▶ Akademisk fridom skal leggjast til grunn for all fagleg verksemd.
- 158 ▶ HVL skal arbeida for at studenter blir inkluderte i ulike forskingsprosjekt.
- 159 ▶ Det skal være tilbod om emner innanfor forskning og innovasjon ved alle
160 studieprogram.

161 **Studentmedverknad**

162 Studentmedverknad er heilt sentralt for at HVL skal utvikla seg som utdannings- og
163 forskingsinstitusjon. Studentane skal oppleva å bli høyrde og vera representerte på alle nivå i

164 institusjonen. Studentdemokratiet har krav på å bli reelt involverte i det som går føre seg i
165 HVL.

166 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 167 ▶ Studentane skal vera representerte i alle relevante råd og utval kor organet
168 har vedtaksmynde.
- 169 ▶ HVL og studentdemokratiet skal samarbeida om å sikra at alle studenter og
170 tilsette er informerte om studentdemokratiet.
- 171 ▶ Studentdemokratiet lokalt skal involverast både på campus- og fakultetsnivå.
- 172 ▶ Det skal vera krav om samstundes undervisingsfri demokratitid ved HVL, i minst
173 tre samanhengande timar, kvar veke i studieåret.
- 174 ▶ HVL skal setja av ressursar for å støtta opp om faglege og sosiale aktivitetar for
175 studentane.
- 176 ▶ Studentdemokratiet skal ha rett til å svara på høyringar i HVL.

177

178 **HVL sitt kvalitetssystem**

179 HVL skal arbeida systematisk med kvalitet på alle nivå. Det skal alltid vera eit fokus på korleis
180 utdanningane kan betrast og vidareutviklast. Studentar, tilsette og tillitsvalde har rett til å
181 gje tilbakemeldingar, som skal takast på alvor og aktivt brukast i dette arbeidet. HVL sine
182 kanalar og plattformer skal vera føremålstenlege og forankra i organisasjonen. HVL skal ha
183 fokus på fråfallsstatistikk og skal arbeida systematisk for å førebyggja fråfall.

184 *Studenttinget på Vestlandet meiner at:*

- 185 ▶ HVL ved jamleg internkontroll skal betra og vidareutvikla utdanningane sine, der
186 studentar, tilsette og tillitsvalde sine tilbakemeldingar skal takast på alvor.
- 187 ▶ HVL skal ha gode rutinar for innmelding av klasses tillitsvalde,
188 referansegruppereferat og emneevalueringar.
- 189 ▶ Studentane skal gjennom HVL sin nettstad, lett finna oppdatert informasjon
190 om rettar, plikter og anna som er relevant for studiene deira.
- 191 ▶ HVL skal ha forståelege og oversiktlege kanalar for å gje tilbakemeldingar, og skal
192 gjera desse kanalane kjende for studentane.
- 193 ▶ HVL må synleggjera og formidla viktigheita av å gje tilbakemelding og føremålet med
194 at studentar og tilsette gjennomfører evalueringar av emne og studieprogram.
- 195 ▶ HVL skal gjennomføra ein heilskapleg analyse som viser fråfallsstatistikk, og setja ned
196 eit utval som skal utforma tiltak for å hindra fråfall på alle campusane.